

Klage på utviding av oppdrettsanlegga Langøy-Ospeneset i Fensfjorden/Austfjorden i Lindås

Som grunneigar på Vabø til sjø og Storelva har eg/me stor interesse for sjøørretten i elva "vår". Me har fra 70 tallet hatt eit langt arbeid med fisketrapper og tilretteleggelse for fiske og fiskekortsalg. Fiske har dessverre gått nedover dei siste åra, mest sannsynleg på grunn av lakselusa. I sommer (midten av juli) var det ein som fekk fleire sjøørretter, men den sjøørretten som hadde flest hadde 37 lus på seg. Då er det ikkje så rart att da går gale med heile sjøørret stammen vår. Hvis no sjøørreten skal forbi da doble antall med fisk i merdene, so seie da seg sjølv att antall lus vil stige. Begge anlegga vil ha innvirkning på det resultatet.

Att kommunen har fått ørret med mykje lus inn på kontora sine i Knarvik fra Storelva og kan utelata og kalla inn grunneigarane i Elveigarlaget er for meg svært betenklig.

Eide har dei siste åra tatt prøver av fisk i utløpet av elva uten å spørre om lov, verken av grunneigar eller Elveigarlaget. Resultata av desse prøvane har me sjølv sagt ikkje fått greie på.

Ospeneset anlegget vil og forringje ein av dei få badeplassene "Løtrebogane" med tre nye ringer + foringsbåt enda nærmere. Det gjelder alle som bur på Vabø og alle som er tilknytt Sævråsvåg/Hodneland.

Skal begge anlegga få landstrøm fram må dei tenka langsiktig og da er det berre lukka anlegg som gjelder. Det er sjukt mange tonn med for og avføring som vært fylt opp i fjorden vår, når me tar med alle anlegga. Eide og dei andre aktørene kan nok seie kor mykje.

Såg akkurat i ein artikkel att all avfall fra lukka anlegg kan brukast som brensel og som gjødsel. Ny teknologi. Kun da får me bukt med lus og skit.

Håpar att dei kommunevalte tenker seg godt om før dei tar sine valg

Mvh

Jarle Fjellsbø